



Voss herad

BLI MED PÅ BORGARPANEL I VOSS HERAD



Voss herad

Voss herad utarbeider ny kommuneplan, og DU kan vera med å påverka framtida til bygda vår!

Hyttebygda Voss

Tysdag 1. april
kl. 18.00-20.30
Vågar me å seia
nei til meir
hyttebygging?



Landbruks- bygda Voss

Onsdag 2. april
kl. 18.00-20.30
Tar me godt vare
på bøndene våre?



Bilbygda Voss

Torsdag 3. april
kl. 18.00-20.30
Vil me ha alle
desse bilane i
sentrum?



RAPPORT

Borgarpanel i Voss herad, april 2025



INNHALD

Bakgrunn	2
Om «borgarpanel» som metode	2
Rigg av borgarpanela på Voss.....	3
Val av tema for borgarpanela	3
Utveljing av deltakarar	3
Val av spørsmål til diskusjon	3
Gjennomføring	3
Hovudfunn frå borgarpanela	4
Evaluering.....	6
Stor takk.....	9

Vedlegg

Hyttebygda Voss.....	10
Landbruksbygda Voss.....	19
Bilbygda Voss.....	30



Borgarpanel på Voss - slik KI ser det for seg.



Bakgrunn

I samband med at Voss heradsstyre vedtok Planstrategi 2024 - 2027 (desember 2024) vart det vedtatt at gjeldande kommuneplan frå 2020 skulle reviderast. At kommuneplanen skal reviderast vil innebera at me oppdaterer kommuneplanen frå 2020 i tråd med nye gjeldande nasjonale og regionale forventningar og eit justert utfordringsbilete.

I samband med at me startar opp arbeidet med revisjon av kommuneplanen skal det utarbeidast eit planprogram som skal leggjast ut til høyring og offentleg ettersyn. Å utarbeida planprogram er ei lovpålagt oppgåve, heimla i Plan- og bygningslova § 11- 13. Planprogrammet skal gjera greie for formålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad og behov for utgreiingar/ ny kunnskap. [Planprogram for revisjon av kommuneplanen](#) vart vedteke av Voss heradsstyre den 17. desember 2024.

Me ynskjer å utarbeida gode planar i Voss herad, og me meiner at dess fleire som bidreg inn i arbeidet, dess betre vert planane våre. Difor inviterte Voss herad til borgarpanel i starten av april. At deltakarane får eit honorar håpar me vil gje fleire innbyggjarar moglegheita til å delta. Slik får heradet innsikt i meiningar som me kanskje elles ville gått glipp av.

Om «borgarpanel» som metode

Eit borgarpanel er ei form for innbyggjarmedverknad som vert nytta i kommunale planprosessar for å sikra at innbyggjarane sine synspunkt og behov vert høyrde. Dette igjen kan både bidra til å styrka lokaldemokratiet, og til å gje dei folkevalde eit betre kunnskapsgrunnlag før politisk vedtak vert fatta.

Hovudtrekk ved borgarpanel som medverknadsaktivitet:

- *Representativitet:* Borgarpanel består ofte av eit representativt utval av innbyggjarane, noko som kan gje eit breitt spekter av perspektiv og innspel. Dette kan vera vanskelegare å oppnå på folkemøte, der det ofte er dei mest engasjerte som kjem.
- *Dialog og samarbeid:* Panelet fungerer som ein arena for dialog mellom innbyggjarane og kommunen der ein kan diskutera og samarbeida om ulike planar og tiltak.
- *Involvering:* Innbyggjarane får høve til å delta aktivt i planprosessen, noko som kan auka engasjement og eigarskap.
- *Kunnskapsdeling:* Borgarpanela kan bidra til å spreia informasjon og auka forståinga for kommunale planar og planprosessar hjå innbyggjarane.

Å bruka borgarpanel i kommunale planprosessar har fleire fordelar samanlikna med meir tradisjonelle medverknadsaktivitetar som folkemøte:

- *Kvalitet på innspel:* Borgarpanela gjev deltakarane tid og rom til å setja seg inn i komplekse saker og gje gjennomtenkte tilbakemeldingar. Tradisjonelle folkemøte kan derimot verta prega av spontane og mindre gjennomarbeida innspel.
- *Strukturert dialog:* I eit borgarpanel er det lagt opp til ein strukturert dialog, der deltakarane får høve til å diskutera og reflektera over ulike tema meir inngåande. Dette kan føra til meir konstruktive og løysningsorienterte diskusjonar enn kva tilfellet er på folkemøte.
- *Auka deltaking:* Borgarpanela kan leggjast til rette slik at fleire grupper, inkludert dei som vanlegvis ikkje deltek i folkemøte, får høve til å medverka. Dette kan inkludera yngre menneske, eldre, og personar med ulike funksjonsnedsetjingar.
- *Langsiktig engasjement:* Deltaking i eit borgarpanel kan bidra til å byggja eit langsiktig engasjement blant innbyggjarane, då dei kjenner at meningane deira vert satt pris på og tatt på alvor. Dette kan vera vanskelegare å oppnå med enkeltstående folkemøte.

[Innbyggernes medvirkning i planprosesser - Regjeringen.no](https://www.voss.no/innbyggernes-medvirkning-i-planprosesser-Regjeringen.no)



Rigg av borgarpanela

Val av tema for borgarpanela

For å kunna gjennomføra borgarpanela var me avhengig av ekstern finansiering. Satsinga vart finansiert av Miljødirektoratet si ordning Klimasats, og matcha med tilsvarande beløp frå Voss herad sitt klimabudsjett. Med slik finansiering lagt til grunn var det viktig å finna tema til borgarpanela som hadde utgangspunkt i tematikk knytt til klima, miljø og/eller natur – og samstundes hadde relevans for arbeidet med å revidera kommuneplanen. Arbeidet med hytter og hyttebygging, landbruket sine kår og det å redusera vegtrafikk gjennom å leggja betre til rette for mjuke trafikantar danna soleis bakgrunn for val av tema på dei tre borgarpanela.

Utveljing av deltakarar

600 innbyggjarar vart trekte ut frå folkeregisteret og fekk invitasjon til å delta på borgarpanel. Desse vart trekte ut blant innbyggjarar mellom 18 og 87 år. Innbyggjarane innanfor denne aldersgruppa hadde me delt opp i kvinner og menn, og deretter i fire alderskategoriar kvar. Frå desse totalt åtte listene trakk me ut dei 600 namna, slik at me sikra at invitasjonen gjekk ut til like mange menn som kvinner, og at det vart ei god fordeling i alder.

Innbyggjarane fekk invitasjon tilsendt via SvarUt, noko som betyr at nokre mottok invitasjonen digitalt og andre i posten – alt etter korleis innbyggjarane sjølve har valt å motta informasjon frå offentlege mynde. I invitasjonen informerte me om kva borgarpanel er, kvifor me ville gjera det og kva temaa ville vera. I tillegg inneheldt invitasjonen praktisk informasjon og lenkje til på meldingsskjema. Me informerte også om korleis me ville nytta informasjonen me bad om i påmeldingsskjemaet og korleis innspela frå borgarpanela ville nyttast vidare.

Dei inviterte kunne melda seg på eitt eller fleire borgarpanel. Til saman meldte 85 deltakarar seg på via påmeldingsskjemaet; 42 på hyttebygda Voss, 41 på landbruksbygda Voss og 55 på bilbygda Voss. Det vil sei at ein god del av deltakarane meldte seg på to eller tre borgarpanel.

Val av spørsmål til diskusjon

I samband med førearbeidet vart det invitert til eit digitalt innspelsmøte den 5. mars der om lag 30 personar, frå både politisk og administrativt hald, var invitert. I det digitale innspelsmøtet fekk alle deltakarane komma med forslag til kva spørsmål som kunne vera relevant å diskutera på dei tre borgarpanela. Samla kom det inn over 120 forslag til spørsmål, som deltakarane i neste runde stemte på. Dei spørsmåla som fekk flest stemmer vart så utgangspunktet for diskusjonane kring dei åtte kaféborda på kvart borgarpanel.

Gjennomføring

Me inviterte til tre kveldar med borgarpanel den første veka i april, frå kl. 18-20.30. Tinghuskantina vart rigga med småbord og kaféstemning med matservering, kaffi og blomar. På kvart kafébord var det plass til seks personar. Om lag 35 deltakarar møtte opp kvar kveld, saman med åtte kafévertar. Som kafévertar hadde me med oss politikarar og ulike fagfolk frå administrasjonen. I tillegg var Mathew Stiller-Reeve frå Village Green innleigd som fasilitator, og var vertskap saman med ein-to personar frå administrasjonen.

Innleiingsvis fekk deltakarane informasjon om opplegget, saman med informasjon om bakgrunnen for borgarpanelet og litt om kveldens tema. Den fyrste kvelden var deltakarane med på fem diskusjonsrundar, og besøkte fem av dei åtte kaféborda. Kvar runde varte i 20 minuttar. Etter ei kort evaluering etter første kvelden, vart den eine runden erstatta med ein pause, slik at det vart fire diskusjonsrundar på kvar person dei to siste kveldane. Kafévertane skreiv ned innspel undervegs, på gråpapir som låg på borda.

Siste delen av kvelden vart nytta til ei felles oppsummering. Kafévertane informerte kort om hovudinnhaldet i diskusjonane på kvart bord. I etterkant vart gråpapiret med notatar samla inn, og innspel frå kvar kveld er oppsummert i eigne delrapportar.



Hovudfunn frå borgarpanela

Borgarpanel «Hyttebygda Voss»

Utgangspunkt: Vågar me å seia nei til meir hyttebygging sjølv om det gjev arbeid for byggenæringa, kundar til lokalbutikkane og fulle skiheisar?

Dei åtte spørsmåla som vart diskutert kring kaféborda var desse:

1. Kva område på Voss bør vernast mot fleire hytter, og på kva område bør ein satsa på meir hyttebygging?
2. Turistnæringa er viktig for Voss. Korleis utvikla næringa viss me ikkje skal byggja fleire hytter?
3. Korleis kan me få meir sambruk av hyttene i Voss herad?
4. Kva krav skal stillast til utvikling av nye hytter? (t.d. storleik, standard, tilgjenge etc.)
5. Korleis påverkar omfanget av fritidsbustader innbyggjarane i Voss herad?
6. Korleis kan me sikra at «hyttebygda» gjer Voss attraktiv i framtida?
7. Korleis kan hytteeigarane sjølve bidra i bygda vår?
8. Korleis ser du for deg hyttebygginga i ditt nærområde fram mot 2050?

Nokre budskap gjekk att i borgarpanelet om hyttebygda Voss:

- Fritidsbustader bidreg til verdiskaping lokalt og er viktig for Voss.
- Vidare utbygging av fritidsbustader må skje kring allereie nedbygde område; meir fortetting, ikkje ta urørt natur til fritidsbustader.
- Det bør byggjast fleire bustader i staden for hytter.
- Heradet bør sjå nærare på moglegheita for å innføra buplikt og kva konsekvensar det kan få.

*Sjå fullstendig rapport frå borgarpanel om «Hyttebygda Voss» i **vedlegg 1***



Første borgarpanel er godt i gang



Borgarpanel «Landbruksbygda Voss»

Utgangspunkt: *Bonden er viktig, men er veg, bustad og anna utvikling viktigare? Landbruket sørgjer for arbeidsplassar, matsikkerheit, kulturlandskap, naturmangfald og identitet, likevel mistar me kvart år dyrka jord til andre føremål. Tar me godt nok vare på bøndene våre?*

Dei åtte spørsmåla som vart diskutert kring kaféborda var desse:

1. Kva er det viktigaste for Voss ved landbruket i dag? Kva skal til for å sikra eit levande landbruk på Voss også i framtida?
2. Korleis kopla landbruk og reiseliv tettare saman, m.a. for å sikra ei berekraftig besøksforvaltning?
3. Korleis gjera det attraktivt å vera bonde og sikra rekruttering til næringa?
4. Kva grep bør landbruket ta i møte med klimaendringane? Både når det gjeld klimatilpassing og når det gjeld utslepp?
5. Kva landbruksareal er det viktigast å verna mot nedbygging? Til dømes til bustader, veg, næring m.m.
6. Korleis kan me sørgja for at fleire får tilgang på areal til dyrking eller småbruk som i dag står tomme?
7. Korleis kan Voss herad bidra til å utvikla tradisjonelle næringar og tilleggsnæringar innan landbruket?
8. Korleis kan me gjera det enklare for innbyggjarane å handla kortreist mat frå landbruket lokalt?

Borgarpanel om «Landbruksbygda Voss» tok opp viktige spørsmål som gjeld landbruket på Voss, som til dømes rekruttering, utvikling av tilleggsnæringar, lokal matproduksjon og beredskap, jordvern, landbruk og klima, landbruk og reiseliv.

God økonomi og gode rammevilkår vart trekt fram som det viktigaste momentet for å sikra at me har eit landbruk også i framtida. Respekt for natur, landbruket og grunneigarane vart også peika på. Samarbeid og dialog med reiselivet og innbyggjarar er ein viktig føresetnad for positiv utvikling knytt til turisme og tilleggsnæringar som t.d. andelslandbruk eller parsellhagar. Lokale matprodukt må få innpass i lokale butikkar eller i egne gardsutsal, og verta lettare tilgjengeleg enn i dag. Utdanningsmoglegheiter som sikrar kunnskap om matproduksjon er avgjerande. Landbruk, saman med skule og bustadmoglegheiter sikrar levande grender, og me må ta vare på dyrka mark og dei gardsbruka me har. Odelslova vart trekt fram som ein mogleg barriere. Bu- og driveplikta er viktig å fylgja opp.

*Sjå fullstendig rapport frå borgarpanel om «Landbruksbygda Voss» i **vedlegg 2***



KI generert illustrasjon over landbruksbygda Voss i framtida



Borgarpanel «Bilbygda Voss»

Utgangspunkt: Me bur i ein kommune med store avstandar, og mange treng bil for å koma seg frå a til b. Men, vil me ha alle desse bilane i sentrum? Er Vangen ein god stad å vera for oss som bur her – og dei som besøkjer oss?

Dei åtte spørsmåla som vart diskutert kring kaféborda var desse:

1. Korleis redusera støy frå motorar i sentrum slik at trivsel og tryggleik vert styrka?
2. Kva skal til for at DU lar bilen stå?
3. Korleis, kven og kvar kan me skapa ein stad for motorsport i bygda?
4. Korleis kan me leggja til rette for at me vert «sykkelbygda Voss»?
5. Kva kan vera konsekvensane av å stengja Vangsgata for trafikk?
6. Korleis kan me få kollektivtilbodet (for både innbyggjarar, hyttefolk og andre turistar) til å verta eit meir attraktivt alternativ?
7. Kva trur de vil vera dei største endringane i bilbruk og transport i 2050?
8. Korleis skal parkering på Vangen løysast for at den skal fungera for både bilistar og mjuke trafikantar? Kva med turistar?

Borgarpanel om «Bilbygda Voss» tok opp viktige spørsmål knytt til korleis me kan endra vanar knytt til bilbruk, kva som kan gjerast for å gjera det lettare å bruka kollektivt, gå og sykla, redusera uynskt støy og samstundes leggja til rette for at både ungdom, vaksne og dei som besøkjer oss har ei god oppleving av å vera på Voss.

Det å jobba med haldningsskapande arbeid, invitera til dialog og samarbeid er noko som vert lyfta fram, uansett kva problemstilling det var snakk om kring kaféborda. Samla kom det inn over 50 konkrete forslag til vidare arbeid med «Bilbygda Voss» og då til arbeidet vårt med å «snu transporthierarkiet».

*Sjå fullstendig rapport frå borgarpanel om «Bilbygda Voss» i **vedlegg 3**.*



Kaféstemning i tinghuskantina




Evaluering

Evalueringsskjema vart sendt ut til alle deltakarar og kafévertar eit par dagar etter at borgarpanela vart gjennomført. 46 deltakarar og 12 kafévertar svara (per 20. april 2025).

I oppsummeringa under er dei svara som innebar skriftege innspel sortert slik det går fram kva som gjekk igjen på dei ulike innspela. Difor er ikkje alle innspel referert ordrett.

Korleis vil du rangera arrangementet?



Kva var du spesielt godt nøgd med?

1. Svært godt tilrettelagt og gjennomført! Alle fekk sei si meining (14)
2. Stemninga var god. Arrangørane lukkast med å skapa ei lun og uhøgtideleg atmosfære (14)
3. Moglegheita til å diskutere med andre og til å uttrykkja mi meining (12)
4. Høve til å vera med på fleire kafébord med kjekke, lydhøyre og nøytrale kafévertar (11)
5. Kjekt å få føla seg litt viktig og koma med meiningane sine – få vanlege folk i tale (10)
6. Godt samhald, gode tema, gode spørsmål og interessante diskusjonar (9)
7. Breidda i panela – geografi, aldersfordeling og kjønn (3)
8. Haldning og positivitet (5)
9. Mange gode innspel (3)
10. At folk skjønna kor mykje hyttefolket betyr for bygda (1)


Kva tenkjer du kunne vore gjort på anna sett?

1. Ingenting – alt var bra (17)
2. Meir variasjon i tema og spørsmål (11)
3. Meir tid til gruppesamtalar og konkrete forslag (9)
4. Me kunne fått sendt ut spørsmåla i forkant (8)
5. Rotasjon mellom borda og betre styring av tema på kvart kafébord (5)
6. Mindre tid på informasjon – meir tid på oppsummering (2)
7. Meir pausar og fellespause slik det var dag to og dag tre (2)
8. Budsjettet - innbyggjarane kunne stilt gratis slik at pengane kunne gå til andre formål som eldreomsorg (1)
9. Arket på kafébordet kunne vore ferdig trykka med mal for korleis svara – meir profit. (1)
10. Kanskje hatt ei eiga gruppe (med tolk) for ukrainarar (1)



Ville du ha deltatt på nytt borgarpanel?

● Ja	55
● Nei	3
● Veit ikkje	0



Kva tema tenkjer du vil vera relevant å ta opp på nytt borgarpanel?

Innspel på kva tema som kunne vera relevant å ta opp på framtidige borgarpanel er oppsummert i ordskeya under der då tema som har blitt føreslått flest gonger har størst skrift. Dei tre temaa som vert lyfta fram flest gonger er:

1. Bustadutvikling (14)
2. Oppvekstsektoren, særleg kva gjeld framtidig skulestruktur (13)
3. Helse og omsorgstenestene i Voss herad (12)





Stor takk...

Det er aller fyrste gong at Voss herad arrangerer borgarpanel som del av ein medverknadsprosess i samband med større planarbeid som skal utførast. Lite visste me vel om kor mange i organisasjonen, og elles, som måtte bidra inn i arbeidet med å få realisert desse borgarpanela.. Men, med utgangspunkt i Pippi Langstrømpe sitt motto: «Det har eg aldri prøvd før, så det klarar eg heilt sikkert» fekk me det heile til.



Avslutningsvis ynskjer me retta ein **stor takk** til alle som bidrog:

- Innbyggjarane som takka ja til å komma med på borgarpanel, delta aktivt i diskusjonane kring borda, komma med gode innspel til vidare arbeid – og svara på evalueringa i etterkant 🏆
- Kafévertane Margrethe, Tor, Berit Marie, Kaia, Samson, Sveinung, Øystein, Håkon, Hans-Erik, Håvard, Inger Marie, Sondre, Liv Jorunn, Bjørg, Vidar og Nils Helge. Samla var 24 kafévertar i sving dei tre borgarpanelkveldane og somme stilte opp fleire gonger. Godt jobba 🏆
- Kristin og Rasmus for all hjelp i samband med å få sendt ut invitasjonar og samstundes ha styr på alt kring personvern 🏆
- Brita og dei tilsette i tinghuskantina for at me fekk ommøblera og rigga kantina slik at det vart meir kaféstemning 🏆
- Alle kollegaer på tinghuset som lånte ut blomane sine 🏆
- Klimasats og Voss herad sitt klimabudsjett for finansieringa 🏆
- Lokalavisa Hordaland for positiv omtale 🏆
- Sist, men ikkje minst, stor takk til Mathew Stiller-Reeve frå [Village Green](#) 🏆 Mathew har vore sparringspartnar undervegs, laga plakatar, arrangert digitalt innspelsmøte og stått for sjølve den praktiske gjennomføringa av dei tre borgarpanela.

Vedlegg:

1. Hyttebygda Voss
2. Landbruksbygda Voss
3. Bilbygda Voss

Voss, 30. april 2025

Gunnhild Utkvitne, Lina Hamre, Kjersti Næss Finne



Hyttebygda Voss

Oppsummering frå borgarpanel 1. april

Lina Hamre/ 290425

Nokre budskap gjekk att i borgarpanelet om hyttebygda Voss: Fritidsbustader bidreg til verdiskaping lokalt og er viktig for Voss, men vidare utbygging av fritidsbustader må skje kring allereie nedbygde område; meir fortetting, ikkje ta urørt natur til fritidsbustader. Det var mange som meinte at det bør byggjast fleire bustader i staden for hytter, og at heradet bør sjå nærare på moglegheita for å innføra buplikt og kva konsekvensar det kan få. Det kom inn mange forslag til korleis Voss kan verta meir berekraftig som «hyttebygd».


Kvifor «Hyttebygda Voss»?

Vågar me å seia nei til meir hyttebygging sjølv om det gjev arbeid for byggenæringa, kundar til lokalbutikkane og fulle skiheisar?



Hyttebygda Voss

03174: Eksisterende bygningsmasse. Fritidsbygg, etter år. Voss, Eksisterende bygninger.



3 591 hytter

Kilde
Bygningsmassen, Statistisk sentralbyrå

4 340

fritidsbustadeiningar

2700

ubebygde regulerte tomter

900

ikkje regulert (Myrkdalen)



Meny og oppsummering frå kaféborda:

BORGARPANEL



- 1 Kva område på Voss bør vernast mot fleire hytter, og på kva område bør ein satsa på meir hyttebygging?
- 2 Turistnæringa er viktig for Voss. Korleis utvikla næringa viss me ikkje skal byggja fleire hytter?
- 3 Korleis kan me få meir sambruk av hyttene i Voss herad?
- 4 Kva krav skal stillast til utvikling av nye hytter? (t.d. storleik, standard, tilgjenge, etc.)?
- 5 Korleis påverkar omfanget av fritidsbustader innbyggjarane i Voss herad?
- 6 Korleis kan me sikre at «hyttebygda» gjer Voss attraktiv i framtida?
- 7 Korleis kan hytteeigarane sjølve bidra i bygda vår?
- 8 Korleis ser du for deg hyttebygging i ditt nærområde fram mot 2050?
- 9

1. Kva område på Voss bør vernast mot fleire hytter, og på kva område bør ein satsa på meir hyttebygging?

VERN område og føringar:

- Ta vare på kulturen vår, bygningsvern.
- Må ha plass til beitedyra som tar vare på kulturlandskapet.
- Ikkje byggja i flaumsone + klimapåslag.
- Ikkje byggja på stader det er fare for ras.
- Ikkje byggja sentrumsnært. Vil ikkje sjå hytter frå Vangen. (II) Vil ikkje sjå at det kjem lys frå skogen.
- Må byggja bustader før hytter.
- Utbygging av vegar må hengja saman. (II) Ein må i større grad enn i dag seia nei til vegbygging til hytter.
- Ein må behalda stølsområde. (III) Passa på at beiteområde ikkje vert nedbygde.
- Naturvern: utmark, myrer, dyreliv.
- Setja grenser – høgdemeter, skoggrense?
- Arbeidsplassar må ikkje trumfa naturvern. Men samtidig viktig å behalda/skapa arbeidsplassar knytt til vedlikehald og restaurering – her ligg det nytt potensial i arbeidsplassar.
- Behalda alle urørte område.
- Gråsida må haldast «heilag». Kvålsdalen.
- Ikkje byggja i Bømoen eller Prestegardsmoen.
- Bavallen er nok utbygd. Hyttene øydelegg bakkane i dette området.
- Er det hytter eller natur me vil ha? Byggjer me ned naturen som me vil bruka?
- Laga opplevingar, turløyper, i staden for å byggja hytter.
- Gondolen er eit bra alternativ til hytter.
- Ikkje leilegheiter i sentrum.
- Må kartleggja naturen før utbygging.



UTBYGGING område og føringar:

- Hyttebygging gjev arbeidsplassar.
- Myrkdalen toler meir; samla det ein plass. (I)
- Leiga leilegheiter, hytter, tomme hus.
- Ta i bruk tomme hus i større grad.
- Herresåsen – byggja meir kring skisenteret.
- Satsa meir på leilegheitsbygg ettersom det tek mindre areal.
- Meir i Bavallen?
- Fortetting – då må det passa inn. (I)
- Hyttedeling.
- Vil ha liv på stølen. Ta vare på det gamle, kan byggja nytt.
- Bør koma nye nasjonale føringar for hyttebygging.
- Trur mindre hytter vert meir attraktivt.
- Opna opp for små hytter med små avtrykk. (I) Desse treng ikkje veg.
- Byggja ut i felt som allereie er utbygde.
- Må byggja høgare over havet for å få skiføre.

Hovudfunn: At det er bygd meir enn nok. Område som allereie er utbygd, er dei som bør byggjast meir på. Ikkje ta nye område.

2. Turistnæringa er viktig for Voss. Korleis utvikla næringa viss me ikkje skal byggja fleire hytter?

I)

- Nye attraksjonar: surfebylgja på Vangsen, ferja på Vangsen, badeland + pakkekonsept.
- Areal er utfordring. Vil byggja på korrekt areal.
- Meir bruk av eksisterande hytter: felles plattform/reglar for utleige.
- Kan me heller fylla hotell? Hotell+aktivitet → gode tilbod
- Satsa på bubilcampingplass, gjera det skikkeleg med leikeplass + glamping. «Reason to go.»
- Få meir pengar ut av gjesten når han er her. Til dømes: sundagsope i sentrum.
- Byggja noko nytt og spektakulært heile året. Vinter utan ski.

II)

- Me treng ikkje fleire hytter → heller fokus på å byggja hus i heile bygda. Fleire fastbuande kan gjera opp for at me ikkje byggjer alt som er planlagt. Fleire fastbuande hadde vore bra for sentrum. Det gjev meir stabilitet. Viss ein har fleire fastbuande, vil ein også kunna tilby meir til turistane som kjem.
- Ikkje meir areal: byggja i høgda. Større kompleks (a la Myrkdalen).
- Hald turisten her! Ikkje send dei vidare.

- Utnytta det me har.
- Voss herad burde eige hytter.
- DNT-hytter?
- Buplikt i sentrum! Tenk om alt vert kjøpt opp av investorar frå utlandet.

➔ Meir utleige! Det må løna seg. → hytteservice + utleige i heile heradet. Næringsutvikling (inkludert gode forsikringsordningar).



- Er hotell for lite personleg? Kan me jobba med hotellkonseptet?

➔ gjenbruk av bygg. Byggja om?

III)

- Me vil vera reiselivskommune.
- Kulturturisme.
- Baseturisme → vandring/ski.
- Aktiver Vangsvatnet og bruka det meir innovativt (water cycling).
- Berga fallskjermmiljøet.
- Treng ikkje berre hytter. Jobba med andre segment.
- Me vert meir attraktive når Bergen-Voss er ferdig utbygd. Ynskjer ein dagsturisme frå Bergen?
- Må byggja vidare, men ikkje overalt. Fortetting og utvikling i eksisterande felt.
- Bubilparkering på grå areal sommarstid. Parkeringsplass Voss resort /Myrkdalen.

IV)

- Bu fast i Myrkdalen/Voss resort osv.
- Me må ta vare på sentrum!
- Vera aktiv mot trafikkstøy. Sentrum.
- Høgskule/vega opp?
- Byggja fleire hotell.
- Gardsturisme.
- Gang- og sykkelveggar.
- Konsept.

V) Konklusjon:

- Meir utleige
- Bygg i høgda.
- Andre segment.
- Bygg for fastbuande.
- Buplikt.

Hovudfunn: Meir utleige av dei me allereie har. Fortetting, i høgda og der me allereie har bygd ut. Vil bruka Vangsen meir: ferja, surfebylgja, sykklar. Me må satsa på bubar og – lag parkering sommarstid på dei gråe areala til hytteområda.

3. Korleis kan me få meir sambruk av hyttene i Voss herad?

- Krav om utleige i reguleringsplanar til framtidige hytter? (IV) Må sjekkast opp i. Har ein dette i Røldal og/eller Hemsedal?
- Kan det vera meir frynsegode eller insentiv for sambruk eller utleige?
- Fleire må få opp augo for dei økonomiske fordelane med utleige. (III) Men kva med skatt på utleige? 25 %.
- Korleis gjera det enkelt å leiga ut? Myrkdalen og Tråstølen har eit apparat, men for å senka terskelen for andre hytteeigarar må det vera minimalt med arbeid for den som eig hytta å leiga ut. (III) → transport, reinhald, vaktmeisterenester, administrera førespurnader. Dette er ikkje ein jobb for heradet, men heradet kan bidra med å sjekka lister og gje informasjon til hytteeigarane.
- Oppretta ein enkel og trygg lokal digital plattform (variant av AirBnb) (V). Ein slik plattform vil gjera det lettare og tryggare for eigarar og gjester, og det kan redusera



unødvendig byråkrati. Denne plattformen kan i tillegg innehalda byte av fritidsbustader.

- Auka eigedomsskatten på fritidsbustader for å fremja utleige? (IV / -) Meir bruk. Like takseringsreglar for bustader og hytter. Kan ein differensiera? Ev. ein eigen hytteeigarskatt?
- Insentiv for at fleire kan kjøpa hytter saman, til dømes minihytter i rekkje.
- Buplikt i sentrumsområda. (V) I dag er det eit smothol i systemet.

Hovudfunn: Buplikt i sentrumsområda. For hytter som ikkje er bygde enno, bør ein sjekka om det er mogleg å stilla krav om utleige.

4) Kva krav skal stillast til utvikling av nye hytter? (t.d. storleik, standard, tilgjenge etc.)

- Ljos bør slåast av når hyttene ikkje er i bruk (II).
- Treng ein veg, vatn og kloakk? Det er litt trendy å ha det enkelt.
- Ta i bruk eksisterande hytter/bygningar før nye vert bygd nytt (V).
- God infrastruktur – gass, solceller osv.
- Belønningsordning.
- Andelshytter (men fleire eigarar kan føra til konflikstar).
- Avgrensing på storleik (I). 80 m² er kanskje litt lite (mtp. at familiar kjem på besøk). 110 m² maks.
- Minihytter (III). Utfordring: kostnad.
- Utleigemarknaden – offentleg (III). Men problem med festing. Bør vera eigne soner for ungdom og familiar. Fortetting, mindre einingar. Ressurssløsing.
- Alternative energikjelder.
- Det er bra med leilegheiter mtp. arealinngrepet og naturen. Om ein kan byggja i høgda er avhengig av området (ikkje fint med blokker).
- Kommunalt eigde fritidsbustader for utleige (II). I dag er det eit klaseskilje, der mange ikkje har tilgang på hytteferie.
- Sentrumsnært: det bør ikkje opnast for at bustader vert nytta til fritidsbustader (VIII).
- AirBnb-utfordring.
- Treng ikkje køyre heilt til hytta (ikkje brøyting). Forskyvd sommar og vinter. Standard på vegen er viktig, treng ikkje vera brei veg med høg standard.
- Bør leigast ut min. døgn, makspris.
- Bør byggja der det allereie er bygd.
- Ikkje hyttebygging i stølsområde.
- Vil Voss bli Geilo? Geilo er primært ein hyttestad, og lokalmiljøet/den opphavlege kulturen forsvinn i hyttekulturen. Mykje trafikk er òg ei stor utfordring, og utfordringar med infrastruktur som ikkje er rigga til å ta imot så mange. Viktig å ta vare på kulturen vår!
- Lokale handelsvarer/leverandørar (I). Har skjedd mykje på klima og miljø – internasjonale, nasjonale føringar. Vossaklima 2030 → bit for bit nedbygging er ei utfordring.
- Fortetting i Myrkdalen og Bavallen (II).
- Naust? Er det potensiale for å utvikle fleire naustmiljø som alternativ til hytte på fjellet?
- Høgd over havet → klima
- Skattefordeler/tilskot ved (omlegging) utleige av fritidsbustad.
- Bør vera enklare prosessar for å bygge om/vøle eksisterande bygg



- Kan ein stilla krav om at det er lokale entreprenørar som skal få byggja?
- Kan skjønna dei som vil byggja stor hytte som bur i liten blokk i Bergen.

Hovudfunn: Ikkje ta i bruk ny natur; heller fortetta. Buplikt har gått att som tema.

5) Korleis påverkar omfanget av fritidsbustader innbyggjarane i Voss herad?

- Me treng hyttene til næringslivet. Både på grunn av sjølve hyttebygginga, servicejobbar knytt til hyttene, men også fordi dei genererer inntekter i form av at dei legg att mykje pengar i butikkane, særleg matbutikkar. Dei bidreg også til andre butikkar og reduserer sjansen for gråpapir i vindauget.
- Voss seier ikkje nei til ein auke i hytter? Men treng moderat vidare utbygging på allereie bebygde område. Det ligg også økonomiske insentiv for å gjera dette mtp. allereie eksisterande infrastruktur.
- Hyttene er for store. Det bør koma nytt arealkrav slik at hyttene vert mindre.
- Hyttefolk er med på å pressa fram betre vegar. Burde også bidra til betre kollektiv og infrastruktur for sykkel m.m.
- Subkultur i «hyttebygda»: Liv i sentrum. Auka handel er bra. Kva tener Voss sentrum på hytteturisme? Nokre meiner at mange brukar pengar i sentrum, andre at hyttefolk i liten grad kjem innom sentrum. Shuttlebuss til sentrum for å få fleire til å nytta sentrum.
- Hyttefolk bidrar til at Voss er ei levande bygd. Ein skapar band med hyttefolk i helgane. Når hyttefolk er ein del av dette bidrar det for det fyrste til å gjera Voss til ein meir attraktiv stad for unge som vil heim, og for det andre kan det bidra til at hyttefolka buset seg permanent på Voss. Relasjonar, kjennskap, bulyst.
- Studentar får billig hytteleige. Kan bidra til at dei får band til Voss, og vert framtidige nye arbeidstakarar.
- Auka trafikk. Innbyggjarar unngår butikkar torsdag kveld og fredag, men dette vert oppfatta som greitt.
- Vert påverka av at bustadprisane er høge. Ta kontroll på omsetnaden av hytter/hus? Noko det nye bustadkontoret kan gjera? Treng reglar for kven som kjøper hus.
- For dyre aktivitetar.
- Sundagsøpe? Ja, ok for vossingane òg.
- Sjå på samanhengen med landbruket. Problematisk at hytter tek areal frå beiteområde.
- Voss må halda på attraktiviteten, noko må byggjast. Vera på kartet og skapa hyttelyst.
- Fleire gjester kan bidra til at Voss får behalda kritiske naudfunksjonar, og viktige institusjonar som sjukehuset. Men samtidig skapar hyttefolk i helger og feriar ein «konkurranse» om beredskapen. Toler naudetatane ein vidare auke i hytter? Dersom ein skal halda fram å auka talet på hytter, bør det stillast krav til auka beredskap.
- Mykje turisme påverkar naturen og kvaliteten på naturopplevingar negativt. Nokre kjenner på natursorg. Naturen er viktig – ikkje punkter urørt natur!
- Ynskje om nullkonsesjon. Dette bør utgreiast.



Hovudfunn: Livskvaliteten beheld ein uansett. Ein vert positivt påverka av helgehandling, negativt av trafikkork. Kjekt å møta hyttefolk ute. Det er kjekt for unge vossingar at det er liv i bygda. Ynskjer moderat hyttebygging.

6) Korleis kan me sikra at «hyttebygda» gjer Voss attraktiv i framtida?

- Det er mykje aktivitet i dag, og ein bør byggja vidare på det som er i bygda.
- Me har mykje inntekter frå hyttene. Tenester til hytteeigarane. Transport av ved, brøyting, snømåking – lokalt. Er dette noko me skal leva av?
- Infrastruktur er viktig; veg, vatn, kloakk
- Det har vore ein trend at hyttekundane vil ha høg standard, men det er også nokre som helst vil ha lågare standard. Enkle hytter utan veg, vatn og kloakk og straum.
- Aktivitetar er viktig og ein kunne gjerne hatt eit meir variert tilbod; badeland, aktivitetspark, meir leikeareal for ungar, større torgaktivitet, meir bruk av Vangsvatnet som badeplass, og meir gardsturisme (mattilbod).
- Ein må sjå nærare på både storleik på hytter (minihytter i rekke) og tettleiken mellom dei.
- Kan Voss også tilby meiningsfulle opplevingar innanfor det frivillige miljøet til hyttefolk, til dømes laga stiar på dugnad.
- Felles hytteinformasjon.
- Kollektivtrafikken må verta betre. Ringbuss.
- Ein bør utforska moglegheitene som ligg i sykkel meir: Fleire organiserte sykkelstiar, sykkelstiar med ulikt nivå.
- Viktig å kunna tilby naturopplevingar og fellesskap.
- To timar fri parkering.
- Leggja til rette for utleige.
- Omregulering av tomtareal.
- Må dropla noko for dei som held bakgrunnsareal.

Hovudfunn: Det er marknad også for enklare hytter, og dette kan ein utforska meir. Ein bør sørgja for aktivitetar til alle aldrar. Infrastrukturen må liggja til rette, og kollektivsystemet må verta betre.

7) Korleis kan hytteeigarane sjølve bidra i bygda vår?

KVA?

Deling:

- Frivillig arbeid/dugnad. På vegar, fellesareal m.m. (II)
- Hyttedeling. Korleis: lågare press på utbygging (tena pengar, mykje står tomt). (III)
- Delte fasilitetar med bygdefolk.

Økonomi:

- Auka lokal handel. (V)
- Tvungen lokal handel. Korleis: vanskeleg!
- Kjøp av varer og tenester.
- Finansiering av fellesfunksjonar.
- Fleire er med og bidrar i økonomien. Korleis: auka eigedomsskatt for hytter.
- Hytteskatt. (IV)



- Bidreg dei til å pressa prisane opp?
- Økonomisk vekst. Korleis: negativt for klima.

Infrastruktur og samferdsle:

- Infrastruktur, bygging av vegar inn og ut. (IV) Korleis: eigen skatt for å finansiera dette, og få dei til å vera med og påverka avgjersletakarar (døme: Myrkdalstunnel og veg Voss ski- og tursenter).
- Krav til betre infrastruktur.
- Auka trafikk (både positivt og negativt). Korleis: trafikklys innstilt på bergensar (?)
- Betre kollektivtilbod.

Aktivitet:

- Auka aktivitet.
- Auka tilbod. (IV)
- Auka lokal sysselsetjing. (II)
- Støtte lokale tilbod.
- Ressursar som kan bidra til utvikling.
- Fritidssyslar.
- Hyttefestival.
- Handel og arbeid.
- Ekstra jobb til ungdom (arbeidskraft).
- Oppretthalda sjukehus, beredskap m.m.

Andre ting:

- Eigne borgarpanel.
- Korleis vera her meir?
- Lokal fotballiga, hyttelag.
- Kartleggja natur i nærområdet som hjelp til offentleg myndigheiter. Korleis: krav til kommunen.

Hovudfunn: Dei bidreg i dag til handel, sysselsetjing og trafikk (så det er både positivt og negativt). Kan dei bidra med meir frivillig arbeid? Kan dei bidra med påverknad opp mot styresmakter for å betra infrastrukturen?

8) Korleis ser du for deg hyttebygginga i ditt nærområde fram mot 2050?

Idear/innspel/forslag:

- Fortetta eksisterande felt.
- Byggja mindre hytter.
- Verdssituasjonen. Ein får litt hjelp av at det er dyrt å eiga.
- I Myrkdalen er det ei løa som ein kan leiga utan innlagd vatn.
- Oppussing av gamle hytter framfor å byggja nye.
- Utnytta dei ressursane me har (gjera det lettare å leiga ut). Fleire kunne tenkt seg å leiga ut stolar.
- Berekraft.
- Ikkje byggja ned urørt natur.
- Eldre befolkning.
- Bavallsvegen.

Mål/løysingar:

- Utvikling verdssituasjonen avgjer økonomien i Noreg, og dette vil påverka.



- Lågare hyttebyggetakt.
- Utviding av eksisterande felt.
- Godta mindre hytter i storleik, maks 120 m².
- Samspel, berekraft (økonomi, areal, natur).
- Meir utleige av fritidsbustader.
- Kunne ein ha bygd om bygg på garden til hytter? Er det lov? Opplever at det vert mykje styr med reglar og søknadar. Her burde ein forenkla regelverket.
- Voss herad burde vore betre på å skilja ut bustadtomter, ikkje hyttetomter.

Hovudfunn: fortetta hyttefelta me har i dag. Leggja opp til utleige. Mindre areal per hytte. Utnytta veg, vatn, kloakk og straum. Me treng skatte kroner til Voss.

Tilsendt tekst frå kaféverten til bord 8 i ettertid:

I ein del hytteområde er det ikkje lov å byggja med t.d. 2.etg. Bavallen er typisk eit slikt område på enkelte delområde. Mange samlar fam. til hytta i t.d. høgtider. Ofte overnattar det folk på hems, t.d. utan rømmingsvegar, det er ulovleg og farleg. I tillegg vert det ofte fleire bilar enn det som er tillete i området og ein parkerer i vegkanten, det kan skapa utfordringar for utrykkingskøyretey.

Mitt innspel er at Voss herad tar eit tilsyn til typiske hyttefelt område for å sjå på bruken av hyttene. Målet er å avdekkja kor mange hytter kunne utan store miljøutfordringar påleggja grunneigar å revidera reguleringsplan og gje høve til å byggja meir i høgda slik at det vert lovleg å ha soverom i 2.etg. Samtidig få regulert og utbygd fleire parkeringsplassar etter auken av overnattingsplassar.

Utfordringa med dette i dag, er at ingen tar ansvar for det økonomiske å rev. ein reguleringsplan og heller ikkje opparbeida parkeringsplass. Hytteigarane fortvilar for at dei ikkje for byggja meir i høgda då åra går og ungane veks til.

Heradet får inn disp. søknader frå hytteeigarar om å få byggja høgare. Dei gjev avslag og syner til gjeldande reguleringsplan. (som syner 1.etg.). Dette må kommunane i Norge finne ut av. For det er utruleg mange hyttefelt dette gjelder.

LH/290425



Landbruksbygda Voss

Oppsummering frå borgarpanel 2. april

Kjersti Næss Finne/ 290425

Borgarpanel om «Landbruksbygda Voss» tok opp viktige spørsmål som gjeld landbruket på Voss, som til dømes rekruttering, utvikling av tilleggsnæringar, lokal matproduksjon og beredskap, jordvern, landbruk og klima, landbruk og reiseliv.

God økonomi og gode rammevilkår vart trekt fram som det viktigaste momentet for å sikra at me har eit landbruk også i framtida. Respekt for natur, landbruket og grunneigarane vart også peika på. Samarbeid og dialog med reiselivet og innbyggjarar er ein viktig føresetnad for positiv utvikling knytt til turisme og tilleggsnæringar som t.d. andelslandbruk eller parsellhagar. Lokale matprodukt må få innpass i lokale butikkar eller i eigne gardsutsal, og verta lettare tilgjengeleg enn i dag. Utdanningsmoglegheiter som sikrar kunnskap om matproduksjon er avgjerande. Landbruk, saman med skule og bustadmoglegheiter sikrar levande grender, og me må ta vare på dyrka mark og dei gardsbruka me har. Odelslova vart trekt fram som ein mogleg barriere. Bu- og driveplikta er viktig å fylgja opp.


Kvifor «Landbruksbygda Voss»?

Voss er ein kommune der landbruket har djupe røter og stolte tradisjonar. Landbruket er ein viktig aktør i næringslivet på Voss, men samstundes ser me at talet på bønder på vert redusert. Korleis kan me bidra til å oppretthalda eit levande landbruk på Voss også i framtida?

Landbruksbygda Voss – korte fakta

- 95 mjølkebruk – 18.000 tonn mjølk
- 245 føretak med sau (2023)
- 14 fruktprodusentar (dei fleste i Hardanger-Voss)
- 74% av landbruksføretaka har dyr på utmarksbeite, organisert beitebruk
- Ca 30.000 småfe på utmarksbeite i 2023
- 3.500 storfe på utmarksbeite
- 35.000 daa fulldyrka, 5.600 daa overflatedyrka og 15.000 daa innmarksbeite
- Over 99% av arealet er nytta til grovfôr
- 20% av føretaka nyttar gjødsling med nedlegging og slepeslanger, til saman 10.000 daa – ca. 25% av fulldyrka /overflatedyrka areal er gjødsla på denne måten

Landbruk - den største kjelda til direkte utslepp av klimagassar i Voss herad



Om «Landbruksbygda Voss» og revisjon av kommuneplanen

Utgangspunktet for Voss herad sin samfunnsdel er visjonen om eit sterkt regionsenter med levande grender. For å oppretthalda levande grender er eit livskraftig landbruk avgjerande. I planprogrammet for revisjon av kommuneplanen, som gjeld både samfunnsdelen og arealdelen, er landbruk og jordvern framheva som viktige føringar for vidare utvikling. Omsyn til mattryggleik og beredskap er også trekt fram som viktig for å ivareta den matjorda me har. Som del av kunnskapsgrunnlaget vert det arbeidd med ein jordvernstrategi, som vil gje fleire føringar for vidare det vidare arbeidet med revisjon av kommuneplanen.

Meny og oppsummering frå kaféborda

BORGARPANEL





1

Kva er det viktigaste for Voss ved landbruket i dag? Kva skal til for å sikra eit levande landbruk på Voss også i framtida?

2

Korleis kopla landbruk og reiseliv tettare saman, m.a. for å sikra ei berekraftig besøksforvaltning?

3

Korleis gjera det attraktivt å vera bonde og sikra rekruttering til næringa?

4

Kva grep bør landbruket ta i møte med klimaendringane? Både når det gjeld klimatilpassing og når det gjeld utslepp?

5

Kva landbruksareal er det viktigast å verna mot nedbygging? Til dømes til bustader, veg, næring m.m.

6

Korleis kan me sørgja for at fleire får tilgang på areal til dyrking eller småbruk som i dag står tomme?

7

Korleis kan Voss herad bidra til å utvikla tradisjonelle næringar og tilleggsnæringar innan landbruket?

8

Korleis kan me gjera det enklare for innbyggjarane å handla kortreist mat frå landbruket lokalt?

9



1. Kva er det viktigaste for Voss ved landbruket i dag? Kva skal til for å sikra eit levande landbruk på Voss også i framtida?

Kort oppsummering

Landbruket gjer Voss attraktivt og sikrar beredskap og levande bygder. Viktig med gode rammevilkår slik at det vert attraktivt for neste generasjon å ta over. Odelslova, vanskar med å få kjøpa gard og å få byggja hus i grendene vart tatt opp som barrierar.

Kva er det viktigaste for Voss ved landbruket i dag?

- Variert produksjon (mjølk, kjøt, egg, frukt, grønsaker)
- Maten vert laga på ein trygg måte
- Matproduksjon er viktig av omsyn til sjølvforsyning og beredskap
- Gjer Voss meir attraktivt, m.a. med eit godt utval av foredla lokale produkt frå smalahove til Vossabia
- Syner fram kulturen på Voss
- Viktig for landskapspleie, og for å unngå attgroing.
- Bidreg til busetting og levande bygder (desentralisert struktur)

Kva skal til for å sikra eit levande landbruk på Voss også i framtida?

- Bøndene må ha ei levedyktig inntekt slik at fleire kan vera heiltidsbønder
- Må vera interessant for neste generasjon å overta
- Viktig at politiske vedtak vert fylgt opp (ref. kraftfondet mars 2025)
- Det må verta lettare å kjøpa gard for folk som ynskjer å driva med landbruk
- Odelslova bør fjernast
- Bør vera prisregulering/konsesjon på landbruket (fjerna spekulantar)
- Betre rådgjevingsteneste/informasjon til nye bønder og betre stønadsordningar
- Etablera mentorordning, opplæring/kurs og nettverk for nye/unge bønder
- Generelt viktig med god oppfølging av bønder, m.a. for å unngå einsemd (fokus på både fysisk og psykisk helse)
- Viktig med ljøs i alle glas heile veka
- Det må vera lettare å få bygd hus nr. 2 og 3 på garden, og å få skilja ut eigen tomt
- Betre haldningar og relasjonar til bønder
- Utvikla tilleggsnæringar for å ha fleire bein å stå på
- Utvikla ein marknad tilsvarande «bondens marknad»
- Også fokus på dyrehelse er viktig

2. Korleis kopla landbruk og reiseliv tettare saman, m.a. for å sikra ei berekraftig besøksforvaltning?

Kort oppsummering



Respekt - for naturen, for beitedyra våre, for grunneigarane, for oss som bur på bygda og allemannsretten vart lyfta fram som viktig hjå alle dei som var innom «bord 2». Likeins dette med samarbeid og dialog i arbeidet med å staka ut landbruksbygda Voss si framtid.

Besøksforvaltning – landbruk og reiseliv:

- Viktig med tilrettelegging knytt til infrastrukturiltak som toalett, boshandtering og skilting
- Turistnæring kan vera ei god attåtnæring for bøndene, der ein kan lage opplegg for ulike målgrupper (bubilturistar, ulike aldersgrupper m.fl.)
- Døme på dette kan vera:
 - Konsept der ein kan jobba for kost og losji - t.d. slått på gamlemåten, sauesanking osb. (trainee building konsept)
 - Gratis utlån av kajakk mot at det vert plukka med bos på vegen
 - Kurs/opplæring, t.d. nytta landbruket til opplæring i naturvettreglar, viktig med meir kjennskap til allemannsretten og andre reglar
 - Meir «inn på tunet» og gardsturisme
 - Kortreiste opplevingar knytt til matkultur og handverk
 - Historieforteljing knytt til matkultur og landbruk
 - Kunnskap om drifta – ei «vare» som kan selgast
 - «Løe i endring», «lavvo air bnb», «glamping», guiding
 - Nytta dei ulike sesongane, t.d. korleis er det å vera vossingen tett på landbruket
 - Heimabryggrute (ala siderruta) - kveik på Dyrvedalen
 - «Foodscaping» - spiselege vekstar
- Etablere nettverk/bookingsystem for nye næringar, og der turistar kan besøka ulike gardar – møta landbruket
- Felles arrangement – landbruk og reiseliv
- Viktig med stønad/finansielle tilskot
- AR/VR- butikk – virtuell tur til eit gardsbruk på Voss. Bruka allereie etablerte næringar som til dømes smalahove og Vossabia
- Vidareutvikla/organisera gardsturisme

Andre moment som vart trekt fram:

- Meir merksemd knytt til «smittepress»
- Landskapsvern og bygningsvern er viktig
- Generasjonskonfliktar og odelsproblematikk kan vera ei utfordring
- Kor skal me vidare? Me vil ikkje bli Lofoten, men må læra av dei. Me må styra turiststraumen og halda oss innanfor tolegrensa



3. Korleis gjera det attraktivt å vera bonde og sikra rekruttering til næringa?

Kort oppsummering

Økonomiske vilkår som gjer det mogleg å leva av garden går igjen. I tillegg er omdøme, velferdsordningar, rettleiingsteneste, utdanningsmoglegheiter, skule- og butilbod trekt fram som viktig. Elles vart buplikt og odelslov peika på som moglege barrierar. Mattryggleik/beredskap vart også peika på.

Ei løn å leva av

- Sikra ei økonomisk forsvarleg løn å leva av
- Løna må opp - få opp løn per årsverk. Bode-oppgjer no!
- Løn er viktig for rekruttering
- Positive haldningar til bonde-yrket – må vera kult å vera bonde – attraktivitet og lønnsemd
- Gjera det lettare for små gardar å vera lønsame
- Må kunna søkja om midlar til drift
- Alle nye bønder bør få tilskot – viktig med jamlege tilskot
- Må vera lettare å få økonomisk stønad til næringsdrivande/nye spirer
- Viktig med velferdsordningar for bønder som t.d. avløysarordning og pensjonspoeng
- Kan vera tungt å jobba dobbelt – både på garden og inntekt utanom

Skule- og butilbod – liv i grendene

- Det må vera skular nær alle
- Leggja til rette for å bu på garden - ikkje ynskjeleg med lang reiseveg
- Må vera mogleg å byggja hus på garden, og lettare å skilja ut tomt
- Viktig med distrikts-jordbruk, sikrar liv i utkantane / bygdene
- Ynskjer ikkje «tomme» gardar, må behalda desse
- Viktig å regulera buplikt
- Registreringssystem over tomme gardar
- Felles samlingsplassar for lokale bønder

Utdanningsmoglegheiter

- Ta vare på utdanningsmoglegheiter
- Rekruttera til relevante yrker på Voss
- Visa elevar i skulen kva moglegheiter som finnast
- Må vera mogleg med praksis under skuleløp
- Bevara yrker/moglegheiter
- Må kunna ha tilgang til relevante kurs for nye bønder

Andre moment som vart trekt fram

- Heradet må bli betre til å samarbeida med bønder
- Viktig å informera godt – vise moglegheiter
- Gjera det enklare for nye å ta over gard – vil ikkje vera den som legg ned
- Odelsløyvinga er gamaldags – ikkje berre eige for å eige
- Eit visst press for å ta over garden



- Norge lyt ha sjølvberging – Voss lyt vera ei bygd om me skal klara det
- Mattryggleik er viktig. Etablera matlager for å sikra tryggleik – kor har me slike lager i dag?
- Bedriftsabonnement på gardskorger – lokale verksemder kan abonnera på gardsbesøk - får egg, brød osb.
- Rabattkupongar til lokale innbyggjarar på bruk av gardsprodukt, sikra lønnsemd
- Etablera eit lokale der ein kan handle hjå bønder
- Usikker framtid!

4. Kva grep bør landbruket ta i møte med klimaendringane? Både når det gjeld klimatilpassing og når det gjeld utslepp?

Kort oppsummering

Solcelle- og biogassanlegg, tilskot til omlegging og god kunnskap vart trekt fram som viktige moment. Elles vart det i diskusjonane fokusert mykje på kor viktig det er å oppretthalda jordbruk og beiteland og å ta i bruk areal ute av drift for å ta vare på jordkarbon, men også beredskap. Kartlegga jordkvalitet og beitebruk, hindre spreining av framandartar og å redusera køyrebehov vart og trekt fram.

Forslag:

- Solceller
- Biogassanlegg
- Plastpressa
- Gjera det lettare å driva miljø- og klimavenleg, t.d. få ned transportbehovet
- Støtnadsordningar for å leggja om drifta til klima- og miljøvenleg matproduksjon
- God arealbruk:
 - Hindra «tap» av gardsbruk
 - Utnytta småteigar til frukt/anna produksjon
 - Jordvern – jordkarbon
 - Beitebruk
- Kunnskap:
 - Vidareføra kunnskap om jordbruk/dyrking
 - Læra opp neste generasjon
 - Kartleggja kvalitet på jordsmonn
- Tettare kopling mellom bønder og andre innbyggjarar
- Styrka koplinga turisme + landbruk for å ivareta kulturlandskapet
- Naturrestaurering og hindra spreining av framand artar
- Det må bu fok i heile heradet

Løysing:

- Gjera det attraktivt å overta
- Ikkje byggja ned areal – halda jorda i hevd
- Auka produksjon, ta i bruk areal ute av drift
- Kunnskapsdeling, bruka småteigar/opplæring
- Kunne ha fleire dyr ut i frå areal



- Krav til bruk av tilleggsareal
- Gjera det attraktivt å ha dyr på beite – «smil-midlar»
- Framleis tilskot
- Beitebruksplan
- Gratis panteordning for levering av avfall
- Få opp kunnskap om plantar og korleis dei vert spreidd
- Me treng fleire folk til klimatilpassa beredskap
- Landbruket er ein viktig medspelar

5. Kva landbruksareal er det viktigast å verna mot nedbygging? Til dømes til bustader, veg, næring m.m.

Kort oppsummering

Samla rangering:

1. Dyrka jord
2. Artsrik natur – beiteområde/slåttemark/kulturlandskap/skog/natur
3. Ubrukt landbruksareal (brakk – ikkje i bruk)

Viktigast:

- Samanhengande dyrka areal
- Kjerneområde for jordbruk
- Fulldyrka jord
- Skog: 1. urskog 2. fjellskog 3. blandingsskog 4. planta skog
- Myr - må også bevarast
 - Restaurering – kostbart og tidkrevjande – (tek over 1000 år å byggja opp ei myr)

Fakta SSB – mest areal vert tatt til 1) hytter 2) bustader 3) næring
Det tar lang tid å opparbeide kvalitetsrik og næringsrik jord

Kvifor/korleis:

- Definera/kartleggja dei viktigaste områda for landbruk
- Mattryggleik
- Viktig å bevare landbruksnæringa for både identitet, kultur og landskap
- Artsmangfaldet - blomar, insekt, dyr - treng alle type areal – alt heng saman
- Matjord - gir mattryggleik
- Fruktdyrking - gir variasjon

Andre innspel:

- Vern - versus - «bygg ditt land» - motsetningar mellom vern og motto frå oppvekst om å byggja landet.
- Ein må byggja på dei minst produktive areala.
- Ein må ville ha ei endring – for å verna og bevare landbruket.

Andre viktige moment:

- Spreidd busetting er viktig
 - For å nytta heile kommunen og ikkje berre sentrum



- Bevara sentrumsnære gardar for å unngå for mange bustader i sentrum
 - Bønder vil gjerne ha naboar
- Inkludera minibruk
 - Dyrke i hagar og oppmuntre til dyrking
- Bruka eksisterande bygde areal først
- Det må ikkje vera lov å byggja på prioriterte område
- Byggja på steingrunn – billigare

6. Korleis kan me sørgja for at fleire får tilgang på areal til dyrking eller småbruk som i dag står tomme?

Kort oppsummering:

Generelt vart god rådgjeving og kartlegging/oversikt trekt fram som viktig. Odelslova kan vera ein barriere, og det må vera fokus på bu- og driveplikt over tomme gardar. Forslag om at kommunen kan bidra med å organisera kolonihagar/parsellhagar. Viktig med god kompetanse, ryddige leigeavtalar, og oppfølging frå ein nøytral tredjepart.

Tilgang på kjøp av gard og generasjonsskifte

- Rådgjeving til dei som sit med tom gard/gard som ikkje er i drift
- Oversikt over tomme hus/gardar (lys i gamle hus)
 - Nettsida med oversikt
 - Viktig at dei som vil dyrka/driva med landbruk kjem til og får kjøpt gard
- Mange små gardar vert ikkje slått
 - Kommunen bør ringa rundt og høyre kva planar dei som eig landbrukseigedom har og om dei driv areala
- Odelsspørsmål - hjelp til generasjonsskifte og oppstart
 - Burde ha endra odelslova – kan vera til hinder for aktiv drift
- Driveplikt – viktig med oppfølging og fokus på dette
- Buplikt - burde vore krav om buplikt på alle gardar

Kolonihage/parsellhage

- Minihus med felles areal/kolonihage
- Må opna for unge som ynskjer areal til hagebruk (leiga)
- Andelshage/parsellhage/felleshage
 - Forslag til stad: Mølster, Prestegardslandet, Bjørgum
 - Kurs
 - Kartleggja etterspurnad
 - Kartleggja areal for dyrking
 - Få på plass prosjektleiar
 - Fellesskap – «kommunehagen»
 - Må vera ein arbeidsleiar
 - Må kjøpa ein andel
 - Digitalt register med areal til andelslandbruk
- Kommunen kan bidra med ryddige avtalar på leigejord
 - Informasjon på nettsida
 - Viktig med ein nøytral tredjepart
- Alle kan ikkje bu sentralt – kolonihage/minihus også ute i grendene



- Eigarar av landbrukseigedomar må få informasjon om gulrota ved utleige – pengar - vedlikehald – drift

Utfordringar:

- Nokon må vera arbeidsleiar
- Utleigar må ha både kompetanse og interesse
- Kompetanse må vera og vera på plass hjå leigetakar for å få gode prosjekt
 - Korleis dyrka og arbeide
 - Kor kan ein leiga/dyrka
 - Leigekontrakt – må ha ein god avtale
- Kan fungera med utleige om nokon har kontroll og føl opp – bør vera ekstern organisering

Andre innspel:

- Kor kan «kvermansen» hogga ved – eigen beredskap? Kommuneskogen?
- Tilgang på eit godkjend kjøkken for vidareforedling
- Kan dyrka frukt på areal som er for små til å verta slått
- Må skapa interesse for dyrking i skule /barnehage

7. Korleis kan Voss herad bidra til å utvikla tradisjonelle næringar og tilleggsnæringar innan landbruket?

Kort oppsummering:

Kommunen må vera aktiv og leggja til rette for møteverksemd og god informasjon om m.a. tilskotsordningar og bu-/driveplikt. Viktig å halda oppe tal bønder, og å motivera til allsidig produksjon med tanke på sjølvforsyning og beredskap. Det må verta enklare å få byggja både hus og næringsbygg.

Forslag:

- Informera om tilskotsordningar
- Kontaktinformasjon
- Møte for bønder
- Aktiv kommune
- Beitetiltak
- Halda oppe tal bønder
- Beredskap-sjølvforsyning

Løysing:

- Hjelpa å søkja etter tilskot - årleg
- Telefonkontakt m/landbrukskompetanse
- Næringsavdelinga; ha møter lokalt – i kvart distrikt
- Dela erfaringar
- Nyheitsbrev og temakafe
- Syta for beiteland - beitebruksplan
- Heilårs bandtvang
- Inngjerda lufteområde som eit alternativ
- Er eit viktig mål
- Må skaffa oversikt over kva Voss produserer, og motivera til meir allsidig produksjon



- Bu- og driveplikt som pkt. 1
- Viktig med informasjon
- Landbruksungdom må få byggja hus nr. 3
- Matsikkerheit
- Beitebruk
- Sauer i fleire løer
- Stoppe nedlegging av bruk
- Halde oppe tal bønder
- Andelslandbruk
- Meir grønsaker
- Turisme
- Tradisjonelt landbruk
- Forstå kvar maten kjem frå
- Må fylgja opp at reglar om bu- og driveplikt vert overhalde
- Det må visast skjøn
- Motivera til fleire sau
- Forenkla krav til bygningsmasse
- Møta alle bønder med positiv haldning
- Kan skilja ut tun til barn nr. 2
- Positivitet frå heradet
- Heradet bør finna eigna areal
- Syta for kompetanse og kartleggja etterspørsel
- Det må vera lett å få byggja næringsbygg
- Ynskjer ei utadvendt næringsavdeling
- Garden – Inn på tunet

8. Korleis kan me gjera det enklare for innbyggjarane å handla kortreist mat frå landbruket lokalt?

Kort oppsummering:

Tilgang til lokale butikkar og god marknadsføring vart trekt fram som viktige moment. Det kom også innspel om ei anna organisering enn Rekoringen som t.d. torgdagar, «pop-up»-butikkar og sal frå gardane. Lokalmat må vera like tilgjengeleg som alternative produkt. Elles vart haldningar og forbrukarmakt peika på, og m.a. heradet kan inngå rammeavtalar med lokale produsentar. Viktig å oppretthalde landbruket.

Sal og tilgang på lokalmat

- Viktig med innpass hos kjedene
- Eigne lokalmat-torg i butikkane
- Lokal merking og marknadsføring i butikkane
- God informasjon, og god tilgang i butikk
- Anna organisering av Rekoringen, - t.d. torgdagar
 - Faste torgdagar - heradet legg til rette
 - Eller - heradet opprettar og står for kostnaden med lokalbutikk
- Oftare «pop-up, fleire sjølvbetjente salsbodar og sal frå bod utanfor butikkar
- Overraskingskassar med lokal mat. Folk abonnerer og får ei kasse med produkt ein gong i månaden. Det ligg også med små historier om kvart produkt. Dette vil hjelpe folk til å føle tilhøyrighet med produsent og å styrka lojaliteten.



Haldningar og forbrukarmakt

- Nyttå forbrukarmakta vår til å velja lokalt
- Lokal mat må vera minst like tilgjengeleg som alternativet
- Me må vera villige til å betala meir for rein og trygg mat
- Haldningsending, tolerera ulik form og farge på produkt
- Samarbeid med VGS innan sal/service og kokk/servitør. Tilpassa undervisning (sjekk Lærdal)
 - Samarbeide med Voss VGS og Kveik
- Viktig med informasjon om maten
- Involvera foredlingsverksemdene i større grad
- Heradet nyttar si forbrukarmakt i rammeavtalar og kjøper kortreist mat
- Prismatch

Marknadsføring og organisering

- Heradet hjelper næringa med marknadsføring av kortreiste produkt
- Utfordra næringsshagen til å marknadsføra
- Heradet opprettar oversikt over utsal og tilgjengelegheit
- Heradet kan fronta lokalmat
- Påverka lokale media til å fronta lokal mat
- Organisera logistikk/mottak
- «Snakk med bonden». Ein gang i veka held ein bonde (eller familiemedlem) ein direktesending kor dei fortel om garden sin, syner kva de gjer med produkta, og svarer på spørsmål. Folk kan bestille produkta dei snakker om i sendinga. Dette vil bygge tillit og fjerne barrierå «eg veit ikkje kor dette kjøtet kjem i frå».

Andre innspel

- Styrka Vossalandbruket og hindra/stoppa nedlegging av gardsbruk
- Påverka slik at bøndene ikkje mister tilskot ved å leverå mykje lokalt
- Meir økonomisk gunstig for bonden, meir satsing sentralt, betre tilgjenge lokalt
- Møte landbruket med positivitet
- Utfordra næringslivet på Vangen
- Kjedemakt vert sterkare. Tilstanden er ikkje kjend.
- Motsei påstanden om at folk ikkje treng bonden
- «Kjøp ein – gi ein»-modellen i samband med gardskasser. Når nokon kjøper ei matkasse med lokale produkt, går ei ekstra kasse automatisk til ein familie som treng det. Bonden får betalt for begge, og nokon som elles ikkje hadde hatt råd, får tilgang til fersk og sunn mat. Ein enkel idé som kan gjera ein forskjell – både for folk og for lokale produsentar.

KNF/200425



Bilbygda Voss

Oppsummering frå borgarpanel 3. april


Gunnhild Utkvitne/ 120425

Borgarpanel om «Bilbygda Voss» tok opp viktige spørsmål knytt til korleis me kan endra vanar knytt til bilbruk, kva som kan gjerast for å gjera det lettare å bruka kollektivt, gå og sykla, redusera uynskt støy og samstundes leggja til rette for at både ungdom, vaksne og dei som besøkjer oss har ei god oppleving av å vera på Voss. Det å jobba med haldningsskapande arbeid, invitera til dialog og samarbeid er noko som vert lyfta fram, uansett kva problemstilling det er snakk om. Samla kom det inn over 50 konkrete forslag til vidare arbeid med «Bilbygda Voss» og då til arbeidet vårt med å «snu transporthierarkiet».

Kvifor «Bilbygda Voss»?

Me bur i ein kommune med store avstandar, og mange treng bil for å koma seg frå a til b. Men, vil me ha alle desse bilane i sentrum? Er Vangen ein god stad å vera for oss som bur her – og dei som besøkjer oss?

Vegtrafikk - den nest største kjelda til utslepp av klimagassar i Voss herad




Kilde: Miljødirektoratet



Om arbeidet med å snu transporthierarkiet

Å snu transporthierarkiet – leggja betre til rette for kollektivbruk, gåande og syklande – er eit av dei prioriterte satsingsområda i [Vossaklima 2030](#).

Å snu transporthierarkiet vil gje lågare klimagassutslepp, og gevinstar som betra luftkvalitet, mindre støy og betra folkehelse.



Om «Bilbygda Voss» og revisjon av kommuneplanen

Senterstruktur og ny utvikling er eit av dei temaa som er lyfta fram i vedtatt [Planprogram for revisjon av kommuneplanen](#). Her er «mobilitet» lyfta fram som eit viktig stikkord for vidare arbeid. I samband med at kommuneplanen skal reviderast er det også ein viktig føresetnad at føringar lagt i Vossaklima 2030 vert forankra i ny KPS og KPA.

Innspel frå borgarpanelet «Sykkelbygda Voss» vert også nyttig i samband med revisjon av Voss herad sin trafikksikringsplan (oppstart 2025).

Meny og oppsummering frå kaféborda:

BORGARPANEL



- 1 Korleis redusera støy frå motorar i sentrum slik at trivsel og tryggleik vert styrka?
- 2 Kva skal til for at DU lar bilen stå?
- 3 Korleis, kven og kvar kan me skapa ein stad for motorsport i bygda?
- 4 Korleis kan me leggja til rette for at me vert «sykkelbygda Voss»?
- 5 Kva kan vera konsekvensane av å stengja Vangsgata for trafikk?
- 6 Korleis kan me få kollektivtilbodet (for både innbyggjarar, hyttefolk og andre turistar) til å verta eit meir attraktivt alternativ?
- 7 Kva trur de vil vera dei største endringane i bilbruk og transport i 2050?
- 8 Korleis skal parkering på Vangen løysast for at den skal fungera for både bilistar og mjuke trafikantar? Kva med turistar?
- 9



9. Korleis redusera støy frå motorar i sentrum slik at trivsel og tryggleik vert styrka?

Me ynskjer i utgangspunktet at det skal vera «liv på Vangen» og at ungdommane våre skal ha ein stad å halda til. Men, slik det er i dag vert det fort for mykje støy knytt til bruk av UTV/ATV, moped og mc – og dette aukar i omfang. På eine sida verkar det som ungdommane ikkje høyrer på korkje foreldre eller politi når dette vert tatt opp med dei, på andre sida kan det verka som at dei som bur i sentrum har urealistiske forventningar til kva som skal vera akseptabelt støynivå på Vangen. Å løysa utfordringane knytt til støy er ikkje noko «quick fix» så me lyt jobba litt om litt og ta eit steg om gonga.

Relevante spørsmål:

- Skal det vera slik at nokon få skal få øydelegga for alle andre? Korleis nå tak i desse få?
- Kvifor er det så kult «å ragga» - køyra fortare og få merksemd på dette viset?
- Korleis endra haldningane som ligg til grunn for dette?

Korleis løysa problemet?

- Arbeida bevisst med haldningsendringar
- Stenga Vangsgata for trafikk, i alle fall i visse tidsrom – gågate?
- Politi og Statens vegvesen lyt ta større ansvar - beslagleggja køyretøy
- Verta strengare med at det skal vera stille etter klokka 23.00
- Bompengar
- Lydisolering av bygg på Vangen, eller hørselsvern
- Belønna dei som ikkje bråkar
- Kollektiv straff – sjølvjustis

Konkrete tips til vidare arbeid:

- Jobba proaktivt, spela på lag og invitera til dialog
- Vektleggja det positive med motorinteresse, nytta Voss gatebil i arbeidet
- La ungdommane få ein eigen plass til å køyra på – også glattkøyning
- Politiet er meir synlege, har oftare kontroll og bøtelegg meir
- Nytt influensarar (Hedda Hosås) til å snakka om tematikken slik at det vert ukult å bruka *bråkete* UTV/ATV og mopedar og heller klare å gjøre det kult å kjøre med stillegående køyretøy..
- Få dei som bur i sentrum til å «visa ansikt»
- Krevja overgang til elektriske køyretøy (UTV/ ATV, moped og traktor)
- Kameraovervåking av Vangen
- Stengja Vangsvata i perioder
- Invitera til foreldremøte og verta samde med foreldra om felles reglar
- Involvera dei vidaregåande skulane i arbeidet med haldningsendring
- Ha fokus på reglar, forsikring og konsekvensar



10. Kva skal til for at DU lar bilen stå?

Kvifor er det vanskeleg å la bilen stå?

- Store avstandar i Voss herad – lyt til sentrum der alt servicetilbodet er
- Dårlig kollektivtilbod og dyrt
- Ofte lettare å velgja bilen – tar mindre tid
- Vanskeleg å sykla vinterstid når det er glatt og isete

Kva kan løysinga vera?

- Jobba med haldningsendringar – gjera det meir vanleg med samkøyring og liknande
- Få omreguleringar på og rundt Palmafossen
- Styrka kollektivtilbodet i og omkring sentrum – «Hent meg buss» - gratisbuss
- Belønna dei som lar bilen stå og nyttar kollektivtransport eller går/ sykklar
- Stenga somme gater for trafikk
- Dyrare parkering
- Alle vert flinkare til å kutta småturar og tar handlinga ein dag i veka
- Utbetra gang- og sykkelveggar i Voss herad
- Fleire støtteordningar og aksjonar som får folk over på sykkel
- Ordningar som støttar pendling med kollektiv transport
- Trafikk vektar som syrgjer for «Trygg trafikk»
- Gjera det prismessig meir gunstig å nytta parkeringshusa våre
- Betre brøyting av fortauva vinterstid
- Planleggja framtidig bustadutvikling på eit sett som muliggjer å la bilen stå

11. Korleis, kven og kvar kan me skapa ein stad for motorsport og bygda?

Å få på plass ein eigen stad for å driva motorsport har vore ynskjeleg i mange år. Eldsjeler mistar motivasjonen då ting tar altfor lang tid, det verkar ikkje vera prioritert av Voss herad noko som igjen gjer det tungt å få gjennomført.

Voss herad lyt vera samarbeidspart i arbeidet med å skapa ein stad for motorsport i bygda vår. Dei forskjellige klubbane og Voss gatebil bør vera pådrivarar. Kanskje kan også Ekstremспортveko ha ei rolle. Voss herad bør i vidare arbeid ta kontakt med aktuelle grunneigarar for å finna eit godt areal til slikt føremål. Her lyt det vera lov til «å laga lyd». Det er også ynskjeleg at ein slik stad kan ha øvelsesplass, fasilitetar for sim-racing/ e-sport og køyresimulator. Alt lyt vera gjennomført og regulert i lovlege former.

Mogelege stadar me kan etablera eit slikt anlegg:

- Bjørkemoen
- Istad
- Kyrkjeteigen



12. Korleis kan me leggja til rette for at me vert «sykkelbygda Voss»?

Haldningar

- Det manglar god sykkelkultur på Voss, og dette merkar mange syklistar. Dei opplever at personbilar ikkje tar tilstrekkeleg omsyn i trafikkbiletet. Kan handlar om manglande kunnskap. Trailerar er betre enn personbilar. Ein måte å betra situasjonen på er å gje syklistar meir plass i trafikkbiletet gjennom til dømes: i) Skilt som viser «Syklist i vegen» der det manglar sykkelveg, ii) fleire sykkelparkeringar, iii) Merking av sykkelfelt i vegbana. Slike tiltak er med på å gjera bilistar meir merksame på syklistar, og i tillegg gjev det syklistar ein tydelegare posisjon, slik at dei slepp å «irritera på seg» bilistar.
- Det bør satsast meir på sykkelkampanjar – til dømes gjennom animasjonsfilmar, reklame på kinoen, «sykle på jobb»-konkurransar, pendleklubb m.m.
- Nyttå økonomisk gulrot i større grad. Til dømes bidra med tilskot til elsyklar eller til omlegging til vinterdekk. Bør slike ordningar vera behovsprøvd slik at me treff dei som faktisk treng det mest? Helst bør alle få tilbodet, for dette handlar også om at folk skal sleppa å visa at dei treng hjelp (det er sårbart), men då bør heradet kanskje skaffa meir pengar til slike tiltak gjennom å søkja eksterne midlar.
- Viss eigne sykkelfelt trengs meir opplæring, både av bilistar og syklistar.
- Syklistane sjølve må også få betre haldningar – me skal sameksistera. Til dømes kan det vera skremmande om dei kjem fort ut vegbana, og over fotgjengarfelt.
- Ha teljingar som kartlegg kor mange som sykklar kor i heradet, slik at me kan setja i gang forbetringar der det trengst mest.

Infrastruktur

- Kor vil ein at folk skal sykla? Ein bør gå tydelegare gjennom heile trafikkbiletet og vurdera kor det er strategisk viktig at fleire syklar.
- Kartleggja hol/problem med sykkelvegane: Det er viktig at gang- og sykkelvegnettet heng saman. I dag er det fleire stader ein plutselig kjem til bom stopp, og må opp og ned høge kantar.
- Betre overgangar mellom gang/sykkelveg og bilveg: Kan ein senka fortaua på plasser der syklistar må sykla frå veg til fortau og omvendt slik at det vert litt meir tilrettelagt?
- Sykkelfelt: Det bør leggjast til rette for eigne sykkelfelt i begge retningar, både i Vangsgata og Utrågata, slik at syklistar slepp å sykla på fortauet og midt i vegen. Desse felte bør merkast med striper i asfalten, slik at det viser at syklistar har fyrsteprioriteten her. Samtidig kan bilistar bruka plassen dersom det ikkje er syklistar i feltet (altså er det eit delt område, men der syklistar skal ha prioritet).
- Brynagjelet: Dette er den største og verste flaskehalsen på Voss, og det må prioriterast å gjera noko med den. Løysinga ein har lagt opp til i dag, og som kostar 100 mill. kr, vil truleg ikkje realiserast. Difor må heradet jobba for å laga ei enklare løysing snarleg.
- Andre område i sentrum ein må sjå på: Jernbaneundergangen ved Knutepunktet, og Langabrua ved Jarl fordi syklistar kjem fort ut i vegen og skapar skumle situasjonar.
- Strandavegen manglar gang- og sykkelveg, og her bør det verta sett opp skilt om «Syklistar i vegen» slik at bilførerar vert meir merksame på at det kan førekoma.
- Strekka Løne – Tvinne har blitt forbetra, men kvifor har ein gjort det utan å leggja sykkelveg? Dette burde vera eit krav ved forbetring av bilveg i område der mange syklar.
- Vinterstid er det viktig at ein brøyter sykkelveg like effektivt som bilveg, og om våren er det viktig at ein kostar sykkelvegane for grus og småstein som gjer sykling meir trafikkfarleg.



Parkering

- Sykkelparkeringar er ein måte å gje syklistane plass i sentrumsbiletet.
- Gjer bilparkering dyrare.
- Må ha tryggare sykkelparkering i sentrum: for mange er det tilstrekkeleg med god moglegheit for å låsa sykkelen fast til eit stativ og tak over, men for andre er det naudsynt at ein også kan låsa sykkelen inn ein stad. Difor treng me både fleire stativ på strategiske plassar, og me treng skur med låsefunksjon.
- Må hugsa at mange har store sykkelvogner, og at det difor bør vera plass til sykkelvogner på sykkelparkeringar.

Andre innspel

- Leggja til rette for utleigesyklar i utkant av sentrum (Kvåle, Skulstadmoen), og syta for at ein kan setja frå seg bilen her.
- Etablera fleire naturstiar slik at det vert meir tilrettelagt for terrengsykling.
- Gjera det lettare å få gateljos på kommunale vegar (i område der ein uansett ikkje får sykkelveg).
- Meir informasjon og marknadsføring ut mot ålmenta om sykling.

13. Kva kan vera konsekvensane av å stengja Vangsgata for trafikk?

På plussida:

- Hyggjelegare å vera i sentrum viss Vangsgata vert stengt for trafikk
- Folk brukar lengre tid på å opphalda seg i sentrum – kanskje handlar meir
- Me sykklar meir
- Me kan erstatta det gråe med meir trivelege innspel av grønt
- Få meir handel frå sentrum og opp til AMFI
- Får nytta Vangsgata til andre aktivitetar
- Bra for kafé- og restaurantdrifta
- Redusera uheldig (råne)køyring
- Torget vert meir attraktiv samlingsplass
- Er sentrum forlokkande nok vil handelen halda seg oppe

Negative konsekvensar:

- Folk handlar andre stadar enn i Vangsgata
- Færre plassar å parkera – vanskeleg for dei som er avhengig av bil
- Matbutikken tålar ikkje stenginga

Anna:

- Kanskje testa ut dette med å stengja Vangsgata i ein periode, hausta erfaringar
- Vanskeleg å få til stenging i sommarsesongen
- Bør etablera meir parkeringsplassar innan ein vurderer evt stenging av Vangsgata
- Kanskje vurderer å stengja Vangsgata i kortare periodar for å skapa meir liv i sentrum
- Satsa på meir «grønt» - stenging eller ei – dette vil gjera sentrum meir attraktivt
- Bør ha fleire sitjeplassar i Vangsgata innan det vert stengt
- Kunne ha pussa opp Hestavangen samstundes slik at også denne delen av sentrum vert meir attraktiv
- Vurdera einvegskøyring slik at det også vert plass til syklistar



14. Korleis kan me få kollektivtilbodet (for både innbyggjarar, hyttefolk og andre turistar) til å vera eit meir attraktivt alternativ?

Å få fleire over på kollektivtransport handlar ikkje berre om pris og tilgjenge, men også haldningar hjå oss alle.

Forslag til tiltak:

- Leggja til rette for parkering nær offentlig transport/ kollektivknutepunkt
- Shuttlebuss til transportknutepunkt
- Innføra ordningar (busskort) som belønner pendling med kollektivtransport
- Kollektivtransport lyt vera billegare og meir tilgjengeleg
- Meir ringbussar i sentrum (frå Langabrua til Fleishers)
- «Bestill – buss»
- Tilretteleggja med meir benkar/ sitjeplassar ved kollektivknutepunkt

15. Kva trur de vil vera dei største endringane i bilbruk og transport i 2050?

Tankar om framtida

- Von om mindre biltrafikk og eit mindre bruk av fossilt drivstoff
- Me klarar å prioritera dei som går, sykklar og brukar kollektivt
- Skal me ha visjon om at Voss også inneber levande bygder lyt me leggja til rette for dette – også i framtida
- Jobba aktivt med dette på langtransport på veg
- Aukande «klimaskepsis» lyt førebyggast
- Fleire var opptatt av dette med jernbane – håpte det var prioritert behov for opprusting og styrking av jernbanen.

Tiltak:

- Haldningsskapande arbeid. Alle må feia for eige dør - fritidsreiser og unødvendige reiser må ned
- Voss herad bør få på plass ein overordna plan for bruk av sykkel – ein eigen strategi kanskje?
- Leggja til rette for meir samkøyring til skule og fritidsaktivitetar
- Bildeling – marknadsføra og leggja betre til rette for dette
- Gode innfartsparkeringsplassar til overkommeleg pris
- Utarbeida ny teknologi som mogleggjer samkøyring
- Legga betre til rette for sykkelbruk og ha insentivordningar som støttar opp om dette
- Fleire plassar til lading av EI-bilar i sentrum
- Førarlause bilar og bussar? Kan me utnytta KI til dette?

16. Korleis skal parkering på Vangen løysast for at den skal fungera for både bilistar og mjuke trafikantar? Kva med turistar?

Ei haldningsendring er naudsynt. Folk er villig til å endra haldning for å spara pengar, dette kan me nytta oss av i vidare arbeid.

Relevante spørsmål:

- Treng me eigentleg fleire parkeringsplassar?
- Kan me få på plass bubilparkering nært sentrum?
- Er det nok HC- plassar?



- Korleis leggja betre til rette syklistar?

Kva gjer me?

- Kanskje la det vera gratis å parkera på større parkeringsplassar slik at det vert lettare å finna gateparkering utanfor butikkar/tenester for dei som er avhengige av det?
- Leggja meir til rette for bruk av sykkel og då også parkering av sykkel
- Auka plassar for el- bil lading. Ettersom det tek lengre tid å lada bil enn å fylla diesel er dei som ventar på lading ofte kundar på butikkane. Kanskje flytta desse ut av sentrum?
- Satsa på innfartsparkeringar?

GU/120425